

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/8223-3

## **Industristrategi for Sogn og Fjordane.**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtek dokumentet industristrategi for Sogn og Fjordane 2016–2025.
2. Industristrategien vert sett i verk som del av verdiskapingsplanen for 2014-2025 med ansvar for arbeidsoppgåver slik det går fram av strategien.
3. Politisk oppfølging av strategien skjer gjennom handsaming av årsplanen for verdiskapingsplanen.
4. I høve industripolitiske rammevilkår, vil fylkestinget særleg trekke fram god samordning av klima-, energi- og industripolitikken. Framtidig nett-tariffering må fordelast utan at industrien i vår region får urimelege ekstrakostnader.

### Vedlegg:

1. Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016 – 2025
2. Høyringsfråsegnene som kom inn innan fristen (redigert)
3. Fråsegner som kom inn etter fristen
  - a. Sogn Regionråd datert 09.09.2015
  - b. Innspel frå SFE Nett AS datert 09.09.2015

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025 ([www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no))

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Industristrategien har vore på høyring med frist 28. august 2015. For første gang er høyringa gjennomført elektronisk ved hjelp av programmet Questback. Høyringsinstansane har gitt synspunkt på analysedelen, strategiane og på politiske problemstillingar. Ei hovudvurdering er at høyringsinstansane gir tilslutning til hovudlinene i utlagt strategi. Høyringsinnspela gir konstruktive råd om vidare arbeid. Råda tilseier ikkje at ordlyden i industristrategien bør endrast samanlikna med høyringsutkastet.

### **2 Bakgrunn**

Utarbeiding av ein industristrategi er ei tinging frå fylkestinget i samband med handsaminga av verdiskapingsplanen. Industrispørsmål var spreidde i ulike satsingar i verdiskapingsplanen og fylkestinget ønska ei samla framstilling.

### **3 Tidlegare vedtak**

Verdiskapingsplanen vart vedteken i fylkestinget 11. juni 2014 (sak 8/2014). Eit opplegg for utarbeiding av industristrategien vart handsama av fylkesutvalet 24. september (sak 105/2014). Utkast til industristrategi vart lagt ut på høyring av fylkesutvalet 3. juni 2015 (sak 56/2015)

### **4 Styring av arbeidet og medverknad i planprosessen**

Administrativt ansvar for arbeidet har lege hos fylkesrådmannen v/fylkesdirektøren for næring. Han har brukt næringsforum som styringsgruppe. Næringsforum består av representantar frå Fylkesmannen, Innovasjon Norge, NAV, NHO, LO, Høgskulen og fylkeskommunen. Næringsforum er styringsgruppe for arbeidet med verdiskapingsplanen og er å rekne som rådgivande for fylkesrådmannen. I tillegg har arbeidet vorte drøfta i hovudutval for plan og næring på møtet 25. mars 2015.

Prosessen har vorte leia av rådgjevingsfirmaet BDO AS med Harald Husabø som prosjektleiar. I arbeidet vart desse besøkte eller telefonintervjua:

Wenche Eldegard, Hydro Aluminium  
 Arne W Olsen, Elkem  
 Trine Lerum Hjellhaug, Lerum  
 Eivind Fonn, Nortura  
 Geir Egil Roksvåg, Nordfjord Kjøtt  
 Ole J Eilertsen, Slakteriet Florø  
 Per Røys, Pelagia  
 Jon Hermann Foss Hagen, Hagen  
 Svein Nore, Tonning & Stryn  
 Odd Tufte, JATAK  
 Hans P Selstad, Selstad  
 Frode Lindvik, Strukturplast  
 Tommy Ølmheim, Safe Clean  
 Anders Seim, HMR Hydeq  
 Anders Haugen/Agnar Hellenes, Hellenes Gruppa  
 Tryvge Solås, Havyard Leirvik  
 Tor Gjertsen, Lutelandet Offshore  
 Irene Wergeland, Wergeland & Halsvik  
 Arild Bødal, NOMEK  
 Roald Førde, INC  
 Lars Hellandsjø, Skipavika Utvikling  
 Kjetil Kvåle, Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane  
 Erling Holden, Høgskulen i Sogn og Fjordane  
 Stein Kvalsund, Maritim foreining  
 Stein Arne Ottesen, Lutelandet Utvikling  
 Jan Støfring, Sunnfjord Næringsutvikling  
 Arne Olsen, Fram Flora  
 Terje Laberg, Årdal Utvikling  
 Olav Grov, Luster kommune  
 Arvid Andenæs, Sparebanken Sogn og Fjordane  
 Olav Hjelle, Sparebanken Vest  
 Terje Bjerkan, PwC

Nokre av industribedriftene lista ovanfor deltok på eit avsluttande møte 8. mai.

## **5 Høyringsfråsegnene**

Femten organisasjonar har levert elektronisk høyringsfråsegn innan fristen. Rapporten generert gjennom questback er redigert og ligg ved saka. Vedlegget gir eit komplett bilete av fråsegnene. Sogn Regionråd og Sogn og Fjordane Energi v/ SFE Nett AS gav innspel 9. september.

### **5.1 Analysekapitlet**

Vi bad høyringsinstansane vurdere dei industrielle mulegheitene lista i analysekapitlet i strategien. Industriutvikling basert på energiressursane og industriutvikling knytt til store samfunnsutfordringar innan miljø vart vurderte som viktigast.

Høyringsinstansane vurderte så analysekapitlet ut frå hindringar for industriell utvikling. Samferdsle, og for dårleg kopling mot FoU-miljøa, vart sett på som viktigaste hinder. Fleire var opptekne av kvaliteten i koplinga industri – vidaregåande opplæring enn i koplinga industri - høgare utdanning.

FU fekk i møte 17.08.15 to presentasjonar (frå «Kraftfylka» og frå SFE) om 1) Kravet om at energiselskapa må etablere eit organisatoriske skilje mellom produksjon og nett og 2) dei utfordrande (høge) nettkostnadane i distrikta. Gjennomgangen førte til at Sogn og Fjordane Energi v/SFE Nett AS vart oppmoda om å lage eit skriftleg innspel (som ligg ved saka). Innspelet er ei oppmoding om å gi nettleigeproblematikken politisk prioritet. Eit viktig spørsmål er fordelinga av kostnader mellom ordinært forbruk, kraftkrevjande industri og kraftproduksjon.

### **5.2 Strategiane**

Vi bad høyringsinstansane vurdere dei 5 strategiane på ein skala frå 1-6 der 1 er mest negativt og 6 mest positivt. «Usikker» var også eit svaralternativ. Vurderingane gir i tillegg til dei konkrete kommentarane eit inntrykk av korleis strategiane vert vekta. Sjå oversyn under:

Strategi Tal svar på spørsmålet	Mest negativt (til venstre) og mest positivt (til høgre). Grå søyle heilt til høgre er dei som svara «usikker»																
Delstrategi 1.1 Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping <i>12 svar</i>	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Rating</th> <th>Percentage</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>1</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>2</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>3</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>4</td><td>41.7%</td></tr> <tr><td>5</td><td>41.7%</td></tr> <tr><td>6</td><td>8.3%</td></tr> <tr><td>Usikker</td><td>8.3%</td></tr> </tbody> </table>	Rating	Percentage	1	0.0%	2	0.0%	3	0.0%	4	41.7%	5	41.7%	6	8.3%	Usikker	8.3%
Rating	Percentage																
1	0.0%																
2	0.0%																
3	0.0%																
4	41.7%																
5	41.7%																
6	8.3%																
Usikker	8.3%																
Delstrategi 1.2 Investorforum. Etablere møteplassar for kapitaleigarar <i>11 svar</i>	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Rating</th> <th>Percentage</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>1</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>2</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>3</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>4</td><td>27.3%</td></tr> <tr><td>5</td><td>45.5%</td></tr> <tr><td>6</td><td>18.2%</td></tr> <tr><td>Usikker</td><td>9.8%</td></tr> </tbody> </table>	Rating	Percentage	1	0.0%	2	0.0%	3	0.0%	4	27.3%	5	45.5%	6	18.2%	Usikker	9.8%
Rating	Percentage																
1	0.0%																
2	0.0%																
3	0.0%																
4	27.3%																
5	45.5%																
6	18.2%																
Usikker	9.8%																
Delstrategi 2.1 Etablere «teknologicampus Sogn og Fjordane» <i>11 svar</i>	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Rating</th> <th>Percentage</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>1</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>2</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>3</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>4</td><td>54.5%</td></tr> <tr><td>5</td><td>45.5%</td></tr> <tr><td>6</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>Usikker</td><td>0.0%</td></tr> </tbody> </table>	Rating	Percentage	1	0.0%	2	0.0%	3	0.0%	4	54.5%	5	45.5%	6	0.0%	Usikker	0.0%
Rating	Percentage																
1	0.0%																
2	0.0%																
3	0.0%																
4	54.5%																
5	45.5%																
6	0.0%																
Usikker	0.0%																
Delstrategi 2.2 Satse på yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø <i>14 svar</i>	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Rating</th> <th>Percentage</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>1</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>2</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>3</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>4</td><td>21.4%</td></tr> <tr><td>5</td><td>78.6%</td></tr> <tr><td>6</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>Usikker</td><td>0.0%</td></tr> </tbody> </table>	Rating	Percentage	1	0.0%	2	0.0%	3	0.0%	4	21.4%	5	78.6%	6	0.0%	Usikker	0.0%
Rating	Percentage																
1	0.0%																
2	0.0%																
3	0.0%																
4	21.4%																
5	78.6%																
6	0.0%																
Usikker	0.0%																
Delstrategi 3.1 Etablere strategi for rekruttering av nye verksemdar der fylket har fortrinn og det er naturleg at Sogn og Fjordane er eller kan bli sterkt <i>12 svar</i>	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Rating</th> <th>Percentage</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>1</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>2</td><td>0.0%</td></tr> <tr><td>3</td><td>25.0%</td></tr> <tr><td>4</td><td>16.7%</td></tr> <tr><td>5</td><td>33.3%</td></tr> <tr><td>6</td><td>16.7%</td></tr> <tr><td>Usikker</td><td>8.3%</td></tr> </tbody> </table>	Rating	Percentage	1	0.0%	2	0.0%	3	25.0%	4	16.7%	5	33.3%	6	16.7%	Usikker	8.3%
Rating	Percentage																
1	0.0%																
2	0.0%																
3	25.0%																
4	16.7%																
5	33.3%																
6	16.7%																
Usikker	8.3%																

Høyringsinstansane gir konstruktive vurderingar av strategiane, m.a. råd om kva som må til for å lukkast.

- Det er eit tydeleg råd at strategimøteplassar må etablerast på «spissa tema». Det må vere ein tydeleg premiss for arbeidet at resultat av dialogen skal vere å avdekke nye forretningsmoglegheiter. Mange ser føre seg eit lite tal deltakarar. Industrien må ta eigarskap og delta i førebuingararbeidet.
- Investorforum. Det er fleire som peikar på at eit investorforum må arbeide med kapitaltilførsel kombinert med industriell kompetanse.
- Etablering av eit teknologicampus utløyser nokre kommentarar om geografisk plassering. Førde peikar seg ut sidan det er der fagskulen (ein del) og ingeniørdelen av HiSF ligg. Det er fleire miljø som arbeider med ønskje om å knyte til seg høgare utdanning og FoU. Det vert peika på desentraliserte satellittar som ein veg å gå. Hellenesgruppa har kome med konkrete framlegg. Dei ønskjer at også

opplæringskontor og offentlig heil- eller delfinansierte næringsutviklarar bør inngå.

- Akkvisisjon – ein strategi for å få tilflytting av industribedrifter – løyser ut råd om omdømmebygging, og korleis fylket skal stå fram som attraktivt. Årdal kommune som har lang røynsle med tilflytting av industribedrifter, peikar på at strategien føreset eit team som kan akkvisisjon og som har verktøykasse.

### **5.3 Nærare om strategien om å styrke yrkesfaga**

Flest høyringsinstansar har synspunkt på fagopplæring. I kommentarane er det skilt mellom tiltak retta mot bedrifter og tiltak retta mot skulen. Sidan vidaregåande opplæring innan yrkesfag er ei teneste fylkeskommunen har direkte ansvar for, tek vi med fleire av svara:

Tiltak retta mot bedrifter:

- Fleire peikar på kvalitet i tilbodet og auka tal lærlingplassar som viktig ansvar hos bedrifter.
- Elevane må få kjennskap til arbeidslivet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Inviter skulane ut i bedriftene (Hydeq). Framsnakk eiga bedrift og ta også inn ungdom på korttidsengasjement (Fiskeridirektoratet). Motiver bedrifter til å medverke i opplæringa i skulen og til å synleggjere det som skjer av innovasjon og nyskaping. Barn og unge må tidleg ut i bedriftene (Fram Flora AS). Bedriftene kan medverke til at teknologiske endringar og innovasjon i næringslivet blir teke inn i undervisninga i skulane (Årdal kommune)
- Vestlandsforskning viser til dømet Holen Installasjon i Sogndal der det vert arbeida for å skape attraktive fagmiljø som skal syne lærlingar at vidare utvikling lokalt er attraktivt.
- Hellenes gruppa syner til sitt initiativ prototypeverkstad som eit konkret døme på samarbeid med opplæringsinstitusjonar.
- Det trengst ei mentorordning (Skipavika industripark) Bedrifta må setje av tid til lærlingane (Lutelandet utvikling).

Tiltak retta mot skulen:

- Fleire peikar på at skulane må tilby utdanning med nok kapasitet i fag der det er lærlingplassar i nærmiljøet. Vestlandsforskning peikar konkret på IT-utdanning. Det vil gi arbeidskraft bedriftene etterspør. Sannsynlegvis er det viktigast at det vert tilbydd utdanning som er direkte relevant for spennande jobbar i nærområdet (Hellenes)
- Fleire peikar på det å styrke interessa for realfag i skulen.
- Hellenes gruppa peikar på at ei meir praktisk vinkling på all form for læring. «Y-vegen» på ingeniørstudiet og «TAF-ordninga» vert trekt fram som positivt.
- Skulane må utvikle større fleksibilitet knytt til organisering av skuledagane tilpassa bransjane dei rekrutterer mot. Flytte meir av utdanninga ut i bedriftene (Årdal kommune).
- Fylkeskommunen må setje industrien på dagsorden når det vert gjort vedtak om skulestruktur og utdanningstilbod (NHO).
- Stimulerer til å få fleire lærlingbedrifter gjennom m.a. å la bedriftene få meir (gjerne heile) lærlingtilskotet, som i dag i altfor stor grad blir "salta ned" som eigenkapital hos opplæringskontora (NHO).
- Fleire peikar på gode realistiske rådgjevarar i skulen som viktig. Skulen må knyte til seg gode representantar frå industribedrifter

- Informer om fagbrev som grunnla for vidare løp på teknisk skule eller høgskule (Hydeq). Få fram at yrkesfag også er ein veg for dei teoristerke ungdommane (Bondelaget).
- Rådgjevarane i skulen treng betre kunnskap (Hydeq). Skulen må prioritere ressursar til næringslivskontakt (Årdal kommune) Industriarbeid handlar meir og meir om leiing og prosjektarbeid og mindre om å stå i ei produksjonsline (Terje Berkan, PwC)
- Lag hospiteringsordningar for lærarar i industrien (Årdal kommune)

#### **5.4 Kva er viktigast?**

Vi bad høyringsinstansane vurdere heilskapen i industristrategien.

Komplett oversikt over innspel ligg ved. Skal vi trekke fram tendensar i svara, må det vere:

- Råd om å få til industriklynger
- Kopling industri og utdannings- og forskingsmiljø
- Etablering av møteplassar
- Omstilling; Det grønne skiftet.

Fleire peikar på det å prioritere arbeid der fylket har naturgjevne konkurransefortrinn. Innspela støttar i så måte prioriteringane om bransjesatsingar i verdiskapingsplanen.

Vi spurde også høyringsinstansane om det er noko dei saknar i industristrategien.

Dette vert trekt fram:

- Fram Flora AS ønskjer at vi spesifiserer industrien sitt bidrag til målet om 500 nye arbeidsplassar.
- Det burde formulerast delmål som supplerer hovudmålet om vekst i tal arbeidsplassar. Vestlandsforskning føreslår som døme:
  - Det fylket i landet med flest nyetableringar og høgast overlevingsevne,
  - Industri som er best på grøn etablering ev. omstilling
  - Det fylket som er best på energieffektivisering
- Er eit innovasjonscampus eit betre alternativ enn teknologicampus?
- Fram Flora peikar på at internasjonalisering er lite utvikla som tema i strategien
- Vi kan utvikle industri basert på mineralressursane våre. Det må skje på ein berekraftig måte. Ikkje gløym den historia vi har i foredling av metall. Få med aktivitet retta mot underleverandørar; t.d. til oppdrettsnæringa.
- Fram flora AS ber mellom anna om at inkubatorane og dei lokale næringssselskapa vert brukte.
- Løft opp marknadsarbeid og marknadskunnskap på tvers av bransjar som ein eigen strategi (Årdal kommune)
- NHO tilrår spissing og konkretisering slik at strategien vert meir bindande
- Sjømat Norge ber om at politiske rammevilkår vert prioritert høgt

#### **5.5 Politiske rammevilkår:**

Høyringsinstansane har mellom anna kommentert politiske problemstillingar slik:

- Gulen kommune peikar på større satsing gjennom Innovasjon Norge og samferdsle
- Vestlandsforskning peikar på gode vilkår for forskning og utvikling
- Bondelaget peikar på at strategien ikkje seier noko om korleis ein politisk skal arbeide for å sikre industrien rammevilkår. Bondelaget peiker sjølv på:

- Legg til rette for lokal vidareforedling
- Råvaretilgang til kjøtindustrien (rammevilkår for landbruket)
- Fram Flora AS peikar på rammevilkåra for næringsmiddelindustrien (særleg å legge til rette for gode miljøteknologiske løysingar)
- Årdal kommune peikar på trongen for betre samordning av nasjonal energi-, klima- og miljøpolitikken.
- Fylkesmannen ber oss prioritere slik:
  - Breiband
  - Samferdsle
  - Gode og langsiktige kommuneplanar
  - Tenlege ordningar frå Innovasjon Noreg (fylkesmannen)
- NHO skriv: «For diffust. Eksemplifisering og promotering av gode og viktige rammevilkår må synleggjerast, sjølv om dei kan vere politisk kontroversielle. - Null eigedomsskatt til industrien - Nøytral MVA ved levering til offentleg sektor (t.d. for vaskeribransjen) - Effektiv arealplanlegging - Større og meir effektive kommunar - Mindre byråkrati (forenkling) - Utjamning av nettleiga (påverking) - Optimalisering av grunnrenteskatt (påverking) - Styrking av yrkesfag»
- Lutelandet Utvikling AS ønskjer «Rask og effektiv handsaming av alle søknader (byggesaker, utsleppsløyve)»
- Sunnfjord Næringsutvikling peikar mellom anna på at omfanget av planprosessar og oppstramming av regimet med motsegner må bli meir strukturert.
- Politikarane må prioritere næringar med stort utviklingspotensiale , m.a. ved å legge til rette areal for havbruksnæringa (Sjømat Norge)

## **6 Vurdering**

I hovudsak må vi kunne vurdere høyringsfråsegnene som ei tilslutning til strategien. Svara gir oss eit bilete av kva strategiar som har størst støtte og partnerskapen får gode råd for iverksettingsarbeidet. Høyringsinstansane synest vere meir opptekne av kva vi kan få til med eigne krefter enn å ta opp nasjonale rammevilkår.

### Målsettinga:

Fram Flora AS og Vestlandsforskning ber oss vidareutvikle målsettinga. Fylkesrådmannen viser til at det vert arbeidd med mål (målbilete) i arbeidet med ny planstrategi. På dette stadiet ønskjer vi derfor ikkje å gå nærare inn på målsettinga enn at vi rapporterer kva bidrag industrien har for å nå målet om 500 nye arbeidsplassar i året.

### Plassering av ansvar:

Når det gjeld dei to delstrategiane «Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping», og «Investorforum - etablere møteplassar for kapitaleigarar», er det i høyringsutkastet ikkje formulert kven som skal ha ansvar for iverksettinga. Vi har ikkje fått eintydige svar gjennom høyringa. Vidare oppfølging er lagt til arbeidsfeltet nyskaping i verdiskapingsplanen.

Fylkeskommunen har teke ansvar for eit forstudium for etablering av eit teknologicampus som del av satsinga kunnskap. Arbeidet er i gang. Forstudiet vil avklare ansvar for vidare arbeid.

Fagopplæringsnemnda har ikkje handsama industristrategien. At nemnda får ansvar for å følgje opp ein strategi om å «styrke yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø», kan ikkje vere

kontroversielt. Nemnda får gjennom høyringa konstruktive innspel og klar støtte til at dei har ei viktig oppgåve i å styrke yrkesfaga sin posisjon.

Næringsforum tek tak i akkvisisjonsstrategien som føresett. Arbeidet med å tiltrekke seg industri utanfrå har ikkje vore prioritert høgt på fylkesnivået så langt med unnatak for støtte til omstillingsarbeidet i dei store industrikommunane; særleg i Årdal og Høyanger. Strategien føreset aktivt leiarengasjement. Strategien krev også at vi held oss godt oppdaterte innan utviklinga av internasjonale handelsavtalar inkludert internasjonale investeringsavtalar.

#### Endringar i analysekapitlet og formulerte strategiar?

Analysekapitlet og strategiane treng ikkje skrivast om som følgje av høyringa. Høyringsfråsegnene utdjupar strategien med konstruktive innspel.

#### Politiske problemstillingar:

I strategien er det skilt mellom nasjonale problemstillingar og regionale der vi sjølve har eller kan ta ansvar.

Høyringa har medverka til å forlengje lista over politiske problemstillingar. NHO vurderer dei politiske problemstillingane som for diffuse. NHO uttalar: «Eksemplifisering og promotering av gode og viktige rammevilkår må synleggjerast.»

Formulering av politiske problemstillingar ligg til rette for oppfølgingsarbeid med ei aktiv rolle for det politiske miljøet. Dette heller enn å lage ei lang liste over politisk arbeid med rammevilkår, vil fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget prioriterer nokre oppfølgingspunkt som er særleg viktige for vårt fylke slik det er gjort i kapittel 7 i strategien.

Fylkesrådmannen vil særleg peike på trongen for samordning av energi-, klima- og industripolitikken generelt og fordeling av nettleige spesielt som viktige spørsmål for industrien i fylket.

Når det gjeld punktet om at Sogn og Fjordane må alliere seg med fylke og regionar i Noreg som har samanfallande interesser, så er denne ideen røyst av Nordland fylkeskommune. Sogn og Fjordane bør med bakgrunn i industristrategien slutte opp om deira initiativ.

## **7 Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtek industristrategien med ansvarsfordeling som omtala og med oppfølging i årsplanen for verdiskapingsplanen. I høve industripolitiske rammevilkår, tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget særleg trekker fram samordning av energi-, klima- og industripolitikken som viktig for energifylket Sogn og Fjordane.